



Frode Gullaksen
Fonnes 66
5953 Fonnes

Dykkar ref.: Vår ref.:
22/58 - 4 / CMS

Dato:
04.07.2023

Pålegg om utbetring av forfalle tak på sjøbod - gbnr. 131/166 - Fonnes

Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til førehandsvarslel om pålegg og tvangsmulkt sendt ut 10.01.2022. Førehandsvarselen omhandla fare ved taket på sjøboden på gbnr. 131/166. Du svarte på førehandsvarslelet innan frista ved e-post. Kommunen svarte på di e-post ved brev sendt ut 07.02.2022 kor det ble bedt om ei plan for utbetring av sjøboden innen utgongen av april 2022. Kommunen kan ikkje sjå at me har motteke slik plane eller at utbetring/sikring av tak har skjedd.

Vedlagt ligg all korrespondanse i saka, heunder førehandsvarslel.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 og § 32-5, jf. § 31-1 illegges det pålegg om utbetring/sikring av taket på sjøboen på gbnr. 131/166 på følgande vilkår:

1. Frist for utbetring er satt til 30.September 2023.
2. Det skal dokumenterast skriftleg ovenfor kommunen kva tiltak som er gjennomført.
3. Overtredelse av fristen vil gi tvangsmulkt på kr. 750 pr dag for oversatt frist.

Saksutgreiing:

Sjøbod på gbnr. 131/166 har tak som er svært svekka. Det fleire takstein som halde på å løsne frå taket. Forhalda på staden vil innebere ein risiko for både mennesker og eigedom. Kommunen har tatt bilde (sjå nedst i dokumentet og i vedlegga). Resten av sjøboden er også i svært dårlig stand.



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Takets tilstand er i strid med plan- og bygningslova § 31-1:

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø.»

Føresegna regulerer materielle krav til ansvar for sikring og istandsetjing av eksisterande byggverk for å hindra fare eller vesentleg ulempe for person eller eigedom. Formålet med føresegna er å sikra at byggverk og installasjonar blir haldne i forsvarleg stand, jf. Prop. 64 L (2020-2021) s. 16. Same stad kjem det fram at føresegna er avgrensa til å sikra ein minimumsstandard for kva som er ein forsvarleg stand.

Bestemmelsen angir ei løpende plikt til å halda byggverk i ein slik stand at det ikkje forårsakar skade eller ulempe. Bestemmelsen må sjåast i samanheng med høvet kommunen har til å krevja riving, jf. § 31-10. Det er likevel ikkje nødvendig at det manglande vedlikehaldet har komme så langt at vilkåra for å krevja riving ligg føre. Kommunen har heller ikkje nokon intensjoner om å krevja riving. Sjøboden er i utgangspunktet eit fantastisk byggverk.

Dei beskytta interessene etter føresegna i § 31-1 er personar, eigedom og miljø. Dette omfattar både ein person som går forbi på fortauet, og t.d bilar eller anna løsøre som som står parkert langs bygnina. Kommunen vurderer det som ganske klart at tilstanden på taket medfører overtredelse av fareterskelen etter § 31-1, særleg ettersom sjøboden ligg i ei passasje ned til flytebrygge.

Kommunen ber difor om at du straks sikrer passasjen rundt sjøboden for å hindra skade.











Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Frode Gullaksen

Fonnes 66

5953

Fonnes